Høyringuttale til kommuneplanens arealdel

Bekken Skriu i Hol:
Flomsonekart

Eg viser til skred- og flomkart utarbeida av Skred AS. Vurderinga der er at det bør utvidast med ei flomsone rundt bekken Skriu.

I august 2023 var det storflom i Hallingdal. Hol vart sterkt berørt med mange flomutløyste skred. Bekken Skriu, er som navnet tilseier, ein bekk der det før har gått skred, på Holing «ei skriu». Det er både kjent og godt beskrive i eldre skrifter at bekken kan væra krevande. Me treng ikkje gå lengre enn til to kraftige regnskyll som var tidleg på 2000-tallet. Etter det siste av dei gjekk NVE og kommunen sammen om utbetring av den nedre delen av bekken. Ein av grunnane til at bekken Skriu er blitt meir krevjande i nyare tid er drenering av Stormyri ved grøfting/dyrking, og fordi det er foretatt store utbyggingar av hyttefelt på Holsåsen som drenerar området raskare til bekken enn det naturleg terreng vil gjera.
Kvelden før «Hans» kom på besøk var det gode varsel og prognoser frå Meteorologiske Institutt som viste at været som kom inn kunne bli svært krevjande. Underteikna sendte den kvelden epost til beredskapsansvarlig i Hol kommune, Espen Bille-Larsen, som ei opplysing og bekymringsmelding om bekken Skriu.
Der påpeika eg at det er **store mengder med stein fylt ut i bekkeløpet** mellom gardane Hallingstad og Nestegard. Mottak av eposten vart bekrefta attende same kvelden.

Det eg vil påpeike i denne samenheng er at det i Skred AS sin (offentlege) vurdering av bekken Skriu ikkje er nevnt nokon utfordring med store steinmasser i bekken, og at dette var den tredje store flommen i nyare tid, etter utfylling av desse steinmassane, som kan ha påverka med stor utvasking av masser under og på sider av denne steinfyllinga. Dersom ein går bekkeløpet opp oppstrøms gardane Hallingstad og Nestegard kan ein kanskje avdekke om finmassane som farga bekken brun og moldblanda ved desse tre siste flommane, kom derifrå, **eller om det kom seg av utvasking av finmasser under steinfyllinga**?
Som påpeika i epost til Bille-Larsen kvelden før flaumen «Hans» vil ei utglidning av desse steinmassene gjera enorm skade på sin veg nedover mot gamlekyrkja og kommunehuset. Likefullt vart kommunehuset og Helling nytta som evakueringssenter under fyrste del av evakueringa av bygda, men seinare flytta til Vika velferdssenter. Det at bekken Skriu ikkje forårsaka nokon skader ved denne flommen er ikkje det same som at den ikkje vart sterkt påverka og kan ha endra seg!
Eg følgde ikkje oppfordringa om evakueringa under flaumen, og var som lokalkjend tilstades på garden og i bygda under heile flomsituasjonen.
Dersom flomsona for bekken Skriu blir vurdert til å bli som vist i kartet må også utgliding av steinmasser væra med i vurderinga, og ikkje slik som det no ber inntrykk av, at det «berre» kan bli litt vått på beina for enkelte.

Bekken Hallingstad-Nerol og bekken Rudningen.
Konsekvensar ved utbygging av hyttefelt sør for Stormyri, Holsåsen:

Det er i plankartet teikna inn store områder for utviding av hyttefeltet på Holsåsen vest for Melset og sør for Stormyri.
I kart og rapport frå Skred AS om bekkar og utfordringar med flaum er ikkje bekken Hallingstad-Nerol, som har sitt utspring i nettopp dette området, teke med.

Under flommen «Hans» følgde eg tett opp denne bekken, og gjorde kontinuerlig tiltak for å halde vatnet i bekkeløpet så det ikkje flaumde utover og forårsaka utgravingar om omfattande skader. Bekken gjekk stadvis over sine breidder, og det var ei «svært skjerpa stemning» og kontinuerlig vurdering av om oppfordringa til å evakuere skulle følgjast.
For bekken ved garden Rudningen, som har sitt utspring i same området som no er lagt til som utbyggingsområde for hytter, og det same området som for bekken Hallingstad-Nerol, gjekk det skred ned mot garden Rudningen. Det viser at vassføringa i bekkane frå området var over det forsvarlege og meir enn bekkane kunne ta unda. Som påpeika også for bekken Skriu vil ei utbygging av dette området på Holsåsen gjera at vatnet ved store regnskyll raskare blir drenert til bekkane enn ved naturleg terreng. Det er naturleg å kreve at det før utbygging av dette området blir konsekvensutgreia risikoen ved ei slik utbygging, og at eventuelle tiltak og kostnadene med dette for bekkeløpet nedstrøms blir lagt til utbygger av området. Det bør gjerast vurderingar på om feltet skal takast ut av kartet. Fasiten ligg i skredet ved Rudningen.

Lokalisering av nytt renseanlegg for Holsbygda

Det er i beskrivinga av Kommunale plasser /areal for kommunal drift, vist til mogeleg ny lokasjon for nytt RA Hol til Hol kommune sitt kommunelager (19/81) i Djupedalen i Hol. Videre blir det hevda at arealbruken er avklart og at det ikkje er nødvendig med konsekvensutredning (KU).
På garden Smestad i Hol vart det i 1991 anlagt ny vassforsyning for Hol. I den forbindelse vart det satt ein Skjønnsrett for fastsetting av erstatninger og klausuler for båndlegging av areal for beskyttelse av grunnvannskilden. Dette er forhold fastsatt ved Dom, og kan ikkje endres/fravikes av Hol kommune aleine, utan etter ny Dom, eller som for enkelte punkter fastsatt i same Dom, at enigheit mellom partene kan væra bestemmende for utførelsen.
Arealet til kommunelageret ligg innanfor beskyttelsessona for grunnvannsbrønnen, kor det er fastsett at anlegg som kan forureine ikkje kan etablerast. Som grunneiger av areal rundt kommunelageret i Djupedalen, og bonde på garden Nerol, som har hoveddelen av sin dyrka mark liggande på sørsida av elva i Djupedalen, vil eg uttrykke sterk motstand mot ei etablering av nye RA Hol på sørsiden av elva i Djupedalen i Hol. Det er helt uaktuelt å yte ekstra arealer for etablering av anlegg, grøfter og infrastruktur. Derimot viser jeg til møte avholdt mellom teknisk sjef og leder for planavdelingen og undertegnede, i august 2023, kor eg redegjorde for areal på nordsida av elva og næringsarealet der som eg er villig til å stille til disposisjon til formålet nye RA Hol, og med nok areal også til nytt kommunelager og evt. ny brannstasjon. Et areal stort nok for fellesfunksjoner for alle aktiviteter.
Et anna alternativ for etablering av et nytt RA Hol bør væra arealet sør for Holsfjorden ved området Kalvevikji og austover, i skogsområdet nedenfor 420 Kv linja. Det er for lettvint å hevde at 420 Kv linja set begrensningar utan at det er foretatt faglege utgreiingar. Slike påstander er gjerne framsatt av andre grunnar. Beste lokaliseringa av eit nytt RA Hol er nedstrøms drikkevasskjelden og vekk frå Hol sentrum. Luktproblema ved dagens RA Hol har til tider vore til plage for naboar. Det bør i denne planprosessen gjerast ei avklaring av areal for nye RA Hol. Dette er ei viktig avklaring for alle i Holsbygda.

Kart stier og løyper. Løyper Sudndalen m.fl.

Underteikna er grunneigar for fjelleigendommen 19/1 Halletjørne-Bukkehallen-Storekvelve.
Me er aktive bønder der beite i fjellet er ein stor ressurs. Det er eit stort og kontinuerlig trykk frå turistnæringa om meir tilrettelegging i fjellet for stier, løyper, sykkelstigar, events, geocashing mm. Sumartrafikk genererer vintertrafikk, og vintertrafikk genererer sumartrafikk. Tilrettelegging avlar meir tilrettelegging, som igjen avlar meir tilrettelegging, osv. osv. osv.

I siste møte i kommuneplanutvalget den 24.3. vart det fremma forslag og vedteke å legge det gamle løypenettet (2017) ut frå Hallingskarvet skisenter til grunn for korleis løypene skal teiknast inn i kartet. Dette kan sjølvsagt kommunen velge å gjera, men det endrar ikkje på faktum at det vil gjera det vanskeleg for turistnæringa i området å få avtale for desse løypene.

Det er i og for seg ikkje noko i vegen for å teikne inn ei løype frå toppen av fjellheisen og mot Gurostølfjellet. Men det er problematisk å legge den ned til Naustranden. Det grunngjev eg med at løypa inn Byrkjedalen bør stengast. Seinast i vinter har det gått mykje rein i området Geiteryggen-Raggsteindalen-Byrkjedalen-Bukkehalli-Vedalen. Reinsflokk på ca.250 dyr vart observert 25.10.23 , og fleire mindre flokkar pendla att og fram i området heile vinteren, fram til det vart brukt helikopter for merking av rein rett før påska -24 , og flokkane vart ytterlegare splitta. Det går årvisst rein i området. Løypa frå toppen av fjellheisen bør leggast mot Langehalltjødnet/Gurostølfjellet, og derifrå ned til Gurostølen. Løypa i Byrkjedalen bør stengast. Dette vil tilfredsstille Hallingskarvet skisenter sitt ynskje om ei rundløype med utgangspunkt frå fjellheisen. Ei slik løype kan teiknast inn i kartet, men avtale om løype blir av meg som grunneigar ikkje gjeve før ei balansert tilrettelegging er gjennomført som sikrar garden Nerol 19/1 adgang til eige fjellområde på 15.000 daa.
Når det gjeld rundløypa i Bukkehalli så er det ingen avtale for den, og det blir heller ikkje gjeve avtale for den. Det visast til omsyn for rein og beite for sau.
Om kommunen likevel veljer å teikne løypa inn i kartet så oppnår de følgjande: Turistnæringa kopierer ut løypenettet frå kommunale kart for å bruke i si marknadsføring av flott turterreng. Resultatet er at det i turistkart ligg «falske» merka løyper som ikkje er merka i terrenget. Dette er misvisande for dei som går i fjellet, og gjev risiko for ulykker. Dette gjeld også løypa innteikna frå Vestreim/Budalen til Sudndalen. Den er det fleire år sidan vart stikka, og den er også ei «falsk» løype på turistkartet. Vidare så ligg rundløypa Vedalen-Odnakk inne i kartet på same måte. Der er det store områder som kommunen ikkje har avtale om løypa for, det gjeld Vedalen (Medhus 50/1) og Odnakk (Nerol 19/1), m.fl. . Hol kommune er der inne i ei sak med Geilo sti- og løypelag (GSL) om opprydding etter eit famøst terrenginngrep der gjort av GSL. Terrenginngrepa let seg nok på eit vis rette, men løypetraceen bør fjernast frå kartet då det er vanskeleg å sjå for seg at nye avtaler for området er aktuelt etter slik oppførsel av GSL.

Hol den 26. mai 2024

Erling Nerol